




KVEN HØYRER SAMAN PÅ BONDEGARDEN?



KVEN HØYRER SAMAN PÅ BONDEGARDEN?

Hensikt

I denne aktiviteten blir barna sine motoriske ferdigheiter utfordra ved at dei skal bevege seg som ulike dyr.

Utstyr

Lotto/memorykort av dyr på bondegarden

Forklaring

1. Barna sprer seg rundt på leikeområdet.
2. Den vaksne deler ut eitt kort til kvar barn, og passer på at det er to like av alle kort som blir delt ut.
3. Barna skal så imitere det dyret dei har på biletet sitt. Gjerne berre med rørsle fyrst, og om det blir vanskeleg kan ein leggje til lyd.
4. Barna skal no finne det andre barnet som har det same kortet som ein sjølv, ved å sjå på rørslene til dei andre barna.
5. Barna som finn kvarandre går saman til eit avtalt område (t.d. fjøset) -fortsatt ved å imitere det dyret dei fekk på kortet sitt.

Tips

- Her kan den vaksne vere med å styre kva for bevegelsar barna øver på ved å velje ut kva for kort dei nyttar i aktiviteten.

Variasjon

- Ved å endre på lotto/memorykort kan ein t.d. arbeide med dyr i skogen eller insekt.